

# Sørvest



## Felles møteveke i Ryfylke

Talgje og Vikevåg bedehus samarbeidar om møter slik at dei ikkje kolliderar med kvarandre. I januar bidrog forkynnarane Magne Vatland og Martin Lindhjem på møtevekene.

Side 28 og 29



### Awana Ombo ble æresmedlem

Barnelaget på Ombo, som drives av Eli Grindhaug Nes (bildet), ble æresmedlem i Awana. I over 25 år har hun drevet dette laget.

SIDE 27



Kommentar:  
**Werner Larsen**  
Regionleder, Misjonssambandet sørvest

## Guds tempel

Det er svært gledelig å se at arbeidet vårt er inne i en periode med høy møteaktivitet. Rundt om i regionen vår arrangerer forsamlinger og misjonslag møteuker eller -helger, eller har sine faste ukentlige møter. Vi er heldige i sørvest som har mange forsamlingshus hvor evangeliet blir forkynt! En god og framtidsrettet bygning til forsamlingshus er tjenlig for arbeidet, særlig i denne delen av året.

### BLI TEMPLER

Asbjørn Kvalbein skriver i andaktsboka si *Trygg i dag* om en britisk misjonær som het Timothy Richards som møtte en mann fra Shanghai i Kina. Kineseren sa, etter å ha lest Det nye testamente tre ganger, «Jeg tror at det mest underlige som gjorde inntrykk på meg, er dette – at det er mulig for oss mennesker å bli templer for Den Hellige Ånd».

Paulus skriver til menighetene i Korint, hvor det storslåtte tempelet for gudinnen Afrodite lå. «Vet dere ikke at dere er Guds tempel, og at Guds Ånd bor i dere?» (1 Kor 3,16). Forsamlingshusene til de kristne i Korint var nok ingenting å regne i forhold til tempelet for Afrodite. Også en av Jesu disipler sa til Jesus da de gikk ut av tempelet i Jerusalem «Se for noen steiner og for noen bygninger» (Mark 13,1).

### JESUS OVERRASKET

Jeg tror Jesu svar overrasket dem. Jesus svarte «Det skal ikke bli stein tilbake på stein som ikke skal bli brutt ned». Jeg blir også imponert over

templer fra gamle Hellas eller Kina som mennesker har laget. Ingeniørarbeid og håndverk i øverste klasse! Det er til å bli målløs av! Men Guds tempel er ikke laget av menneskehender, men av Gud selv. Gud bor ikke i våre forsamlingshus enda så vakre de kan være. Guds rike vokser ikke i storslåtte bygninger, men i mennesker som lar seg frelse av ham. Da bygges templer for Gud, som i Guds øyne er det mest verdifulle av alt.

### TILFLUKT TIL JESUS

Når Den hellige ånd får gjøre sin gjerning i oss og blant oss, slik at mennesker tar sin tilflukt til Jesus, da utbres Guds rike! Gode forsamlingshus er viktig. Jeg vil rette en stor takk



**Guds rike vokser ikke i storslåtte bygninger, men i mennesker som lar seg frelse av ham.**

til alle som legger ned et stort arbeid for å ha gode forsamlingshus. Samtidig må vi ikke miste av syne i arbeidet vårt, at Guds rike ikke består i bygninger, men i mennesker som er blitt frelst ved evangeliet om Jesus! «For ingen kan legge en annen grunnvoll enn den som er lagt, det er Jesus Kristus.» (1 Kor 3,11).

Med ønske om Guds rike velsignelse!

## Tallenes tørre tale

Regnskapet for regionen for 2023 er ikke helt ferdig i skrivende stund, men det ser ut som utgiftssiden er som budsjettet. Gaveinntektene har en liten økning fra fjoråret på 1,2 prosent, men er likevel 3,3 millioner under budsjettmålet.

Overskuddet fra gjenbruksbutikkene går utenom regionens regnskap, men de viser en økning på minst 2,5 millioner bare i vår region sammenlignet med 2022. Butikkene blir bare viktigere og viktigere for misjonens økonomi.



Dersom vi leser gavetallene over tid, kan vi se spor av en pandemi, vi ser spor av uro i organisasjonen og vi så i 2023 at økonomien ble strammere for mange. Likevel har en tredjedel av de cirka 3000 giverne i sørvest som gir direkte til misjonen (givertjeneste, giroer mm) i snitt økt sine gaver med mer enn 25 prosent! Det vitner om giverglede og misjonssinn! Hjertelig takk til alle som gir og som bærer evangeliet ut på denne måten!

På [minside.nlm.no](https://minside.nlm.no) kan du logge deg inn og holde oversikt over din givertjeneste. Der er det også mulig å legge inn en årlig prosentvis økning. I en tid med høy inflasjon så er det kanskje flere som har mulighet til det? Du kan også ringe giverkontoret 22 00 72 00 og justere din givertjeneste.

SVEIN KÅRE HARESTAD  
ADMINISTRASJONSLEDER

### Ressurser for regionen

På [nlm.no/sorvest](https://nlm.no/sorvest) finner du mange nyttige ressurser. Her finner en andaktshjelp (for småtrinnet), varslingsrutiner for frivillige, informasjon om hva Misjonssambandet kan bidra med ved gravferd, innmeldingsskjema for talebehov og informasjon om politiattest.

Andre viktige dokumenter som innmeldingsskjema for misjonsfelleskap og ulike strategier og handlingsplaner ligger også lett tilgjengelig.

Der kan en også finne ut hvem som sitter i regionstyret og barne- og ungdomsrådet. På samme side finner du referater fra regionstyremøtene.

På [nlm.no](https://nlm.no) finner du også en ressursbank for hele organisasjonen, som kan være verdt å ta en titt på. Mangler du noen ressurser eller finner ikke oppdatert informasjon kan du kontakte regionkontoret.



Foto: Priscilla Du Preez/Unsplash

# Æresmedlem i Awana

Det er onsdag ettermiddag og tid for Awana. Ungane pratar livleg og det er tydeleg at alle kjenner alle her i dette barnelaget på Ombo.

TEKST: KARI-ANNE VATLAND

- Det er ikkje «giddå» det står på, smiler Eli Grindhaug Nes.

I alle desse åra sidan ho og mannen kom flyttande frå Karmøy har det vore viktig for henne at ungene på øya blir kjent med Jesus. Det er det som motiverer henne til å stå på fremdeles.

## UNGANE TRIVAST

- Og så er det viktig at ungene trivast, sjølv-sagt, understrekar ho.

Det ser det verkeleg ut som at dei gjer. Det er god stemning i gymsalen, engasjement under andakten og ivrig drøs mens maten forsvinn frå tallerkane.

Sidan bedehusa på øya ikkje er i bruk lenger, brukar dei skulen sine lokalar. For-eldra til ungene, som sjølv gjekk i det same barnelaget då dei var små, både køyrer og hentar ungene. Det er Eli takknemleg for.

## INN OG UT I AWANA

For ei stund tilbake meldte Eli Grindhaug Nes barnelaget inn i Awana Norge. Awana er eit amerikansk opplegg som er utarbeidd for at barn og unge skal bli kjend med Jesus. Opplegget blei både for omfattande og for dyrt. Ho bestemte seg for å behalde namnet Awana, samtidig som ho melde det ut igjen.

Det skulle visa seg å ikkje bli så enkelt. Arthur (Art) Rorem, amerikanaren som starta Awana, stamde frå Noreg, og det kom etter kvart fram at far hans var fødd og oppvaksen på akkurat denne øya. Då Art fekk høyra at Awana hadde kome heilt til Ombo, blei han rørt til tårer.

## ÆRESMEDLEM

Ikkje lenge etter fekk Eli Grindhaug Nes telefon frå Awana Norge. Dei ville gjere Awana Ombo til æresmedlem. Først og fremst på grunn av arbeidet, men også på grunn av historikken. Dermed blei barnelaget som ikkje var medlem i Awana æresmedlem.

Namnet Awana er eit akronym basert på 2 Timoteus 2,15 «Gjer det du kan for å stå di prøve for Gud» (Approved Workmen Are Not Ashamed). Eli Grindhaug Nes er ei av mange som har gjort det dei kan for å fortelje barna om Jesus.



Ungane i Awana Ombo trivest godt.

Foto: Svanhild Rodal

# Personalsamling på Holmavatn



Quiz og spaghetti-byggingen på onsdagskvelden.

Foto: Olaug Gundersen

Det er en lang og god tradisjon tilbake til tiden som krets, at de ansatte har vært samlet til noen dager om forkynnelse og undervisning.

TEKST: OVE SANDVIK

Årets samling var på Holmavatn, og startet onsdag 3. januar fra morgenen av. Tema for første dag var «tilgivelse», og åpnet med at medarbeider i IKF, Medhat Youssef, hadde et vitnesbyrd om vanskelige opplevelser i hans liv, og kraften i det å kunne tilgi.

## SAMTALE I GRUPPER

Resten av denne formiddagen var det professor Tormod Kleiven fra Normisjon som hadde undervisning om dagens tema, med vekt både på den mellommenneskelige tilgivelse og Guds tilgivelse. Det ble også satt av tid til

spørsmål underveis og til samtale i grupper.

Kvelden ble avsluttet med at en av våre utsendinger fortalte fra sensitivt arbeid i Afrika.

## BIBELTIME FRA JONA

Den andre dagen startet med et tekstverksted, der flokken ble delt i grupper og samtalte om en oppgitt tekst. Det var også satt av litt tid til bønn i gruppene. Den nye generalsekretæren, Gunnar Bråthen, var med begge dager, og han hadde bibeltid fra Jona bok.

Etter et friminutt fortsatte Bråthen med å vise bilder fra hans første tur til Etiopia. Både Bråthen og regionleder Werner Larsen avsluttet den felles samlingen med litt informasjon om misjonsarbeidet sentralt og fra regionen. Etter lunsj var det satt av tid til at de ulike greiner av arbeidet i regionen, hadde sine nettverkssamlinger.

# Felles møteveke i Ryfylke

Mange plassar i regionen ligg bedehusa tett. Dei vart bygde i ei tid då busettinga var annleis og mange færre hadde bil. Misjonsforsamlinga på Talgje i Ryfylke har valt å samarbeide med forsamlinga i Vikevåg på Rennesøy.

TEKST OG FOTO: SVEIN KÅRE HARESTAD

Det er mykje møter og aktivitetar for born og unge begge plasser, men møta blir planlagt slik at dei ikkje kolliderer og det er mogleg å reise på tvers. Difor var det mange som tok turen til nabobedehuset då dei hadde felles møteaksjon i januar, først ei veka i Vikevåg og så andre veka på Talgje. Magne Vatland og Martin Lindhjem var med på begge møteveke.

- Det er fint å vere saman med Martin. Han har ei nådegåve som er ulik mi og me utfyller kvarandre på ein god måte. Martin har den direkte appellen i si forkynning. Sjølv plar eg meir å arbeide i djupna med teksten for å forstå og kunne formidle innhaldet vidare, seier Magne Vatland.

## SETT PRIS PÅ FORKYNARANE

Lars Vårdal er leiar for styret for Misjonsambandet på Talgje og gjev uttrykk for at dei set stor pris på å få besøk av dei ulike forkynnarane som reiser i regionen. Han meiner det er flott med dei mange friviljuge forkynnarane som talar på enkelte møte, men for lengre seriar er dei heilt avhengige av dei som reiser fast.

- Trua kjem ved forkynninga. Det å sitje ned kveld etter kveld og høyre Guds ord gjer noko med oss. Det er viktig for oss som har vår faste plass på bedehuset at trua vår får næring. Det kan og vere enklare å invitere med seg andre når det er ein møteserie, seier han.

## INFORMASJON PÅ FACEBOOK

På Talgje har dei opplevd at det kjem andre enn dei faste innom på møteseriane.

- Den personlege invitasjonen er viktig, men nokre kjem og fordi dei har sett plakaten, annonsen i lokalavisa eller informasjonen på Facebook, fortel Lars Vårdal.

- Møteseriane gjer det mogleg å gå djupare inn i eit tema. Då kan me få tid til å sjå på det Bibelen seier frå ulike innfallsvinklar



Lars Vårdal (t.v.) og Magne Vatland under ei møteveke på Talgje i Ryfylke

og det gjev både heilheit og breidde. Han har tidlegare vore både misjonær i Indonesia og lærar på skule i Noreg, forklarar Magne og held fram:

- Det er meiningsfullt og ei glede å få vere forkynnar og få gje vidare det ein sjølv har fått frå Guds ord.

## GÅ I DJUPNA

Han legg til at det er eit privilegium å vere «frikjøpt» og slik ha tid til å lese og gå i djupna i Bibelen og i andre bøker som kan gje større forståing av det han les.

Lars stadfester at dei kan merke at forkynnarane som kjem har arbeidd med bibelordet. Han seier det er viktig at Misjonsambandet har faste talarar som kan kome rundt til dei ulike bedehusa med bibelsk fundert forkynning.

- Ei utfordring er å våge å ikkje berre for-

klare det som står i teksten, men å bruke den til å gje vegleiing i aktuelle spørsmål. Kristen tru går saman med kristent liv, og trua skal levast i kvardagen. Om då ikkje folk får svar på spørsmåla sine hjå oss, vil dei søke vegleiing andre stadar. Nokre gonger kan dei finne gode svar, men andre gonger finn dei svar som ikkje samsvarar med det Bibelen seier, understrekar Magne Vatland.

- Noko som og vert etterspurt er informasjon om misjonsarbeidet. Me treng å minne kvarandre på det oppdraget som Gud har gjeve oss og som me står saman om, fortel Magne.

På Talgje brukar dei ofte filmene som Misjonsambandet produserer frå misjonsarbeidet.

- Møta våre er ikkje så ulike andre møter, men me prøver å fokusere ein del på arbeidet me driv på misjonsmarkene og det ansvaret

me har der, legg Lars Vårdal til.

### VIKTIG MED KAFFI

Ein viktig del av møta er og kaffikoppen etterpå. Eller rettare sagt, praten som kaffikoppen kan hjelpe til med. På Talgje har dei ikkje kaffi etter kvart møte, men litt prat er det alltid rom for. Og dei gongene det er kaffi og litt å bita i vert folk oftast sitjande lenge i prat.

– Me treng kvarandre. I ei forsamling skal me bry oss om kvarandre og utfylle kvarandre, seier Lars Vårdal og fortel at noko som har gjort djupt inntrykk på han er dei som gjekk på bedehuset då han var liten og som framleis er trufaste på møta no fleire tiår seinare.



– Trua kjem ved forkynninga. Det å sitje ned kveld etter kveld og høyre Guds ord gjer noko med oss.

LARS VÅRDAL

– Det viser noko av kva forkynninga og fellesskapet betyr i kristenlivet.

For Lars Vårdal har det blitt naturleg å gå inn i det arbeidet som han har vakse opp med.

– Nådegåvene er ulike og lokalt. Nokre skal organisere arbeidet, nokre har ei særleg oppgåve i å be, og nokre har ei viktig oppgåve med å berre vere der for andre, seier han og opplever at dei står saman om arbeidet lokalt.

### BLI KJENDE MED JESUS

Ein ting som ligg Lars Vårdal på hjarta er og kor viktig det er med det lokale arbeidet for barn og unge. På Talgje er det både søndagsskule, fleire barnelag og ungdomslag.

– Det betyr mykje for dei som veks opp og slik får bli kjende med Jesus. I tillegg gjev dette arbeidet òg ei kontakflate til dei som ikkje går fast på bedehuset. Me skulle ynskje at det var like enkelt for vaksne å gå over tråskåla til bedehuset som det er for dei yngre. Men me kan ikkje verta motlause, me treng ordet for vår eigen del og me treng det for å gje det vidare til naboen, meiner Lars Vårdal.



Magne Vatland på talestolen.



Lars Vårdal bidrar og med musikk til allsangen.

## Slutter på grunn av handlingsplan

Asbjørn Handeland og Eilert Fredly har sluttet i Logos bibelundervisning på grunn av utfordringer med handlingsplanen til Misjonssambandet sørvest.

På nyåret ble det sendt ut en felles uttalelse fra Asbjørn Handeland, Eilert Fredly og regionledelsen til de ansatte i regionen. I uttalelsen ble det informert om at Asbjørn har sagt opp sin avtale og Eilert har sagt opp sin stilling i Misjonssambandet sørvest og vil ikke lenger være knyttet til Logos-arbeidet fra 01.01.2024. De forsetter ikke med et eget Logos utenfor Misjonssambandet.

### VILLE OPPRETTHOLDE DISTANSE

Eilert og Asbjørn har kommet til denne konklusjonen på bakgrunn av at de ønsket at Logos-arbeidet skulle opprettholde en distanse til det etablerte bedehusarbeidet i Misjonssambandet sørvest, mens regionen i sin handlingsplan ønsker å styrke relasjonen mellom Logos og forsamlingen.

### VEIEN VIDERE

Regionen ønsket og ønsker fortsatt å ha et tilbud med bibelundervisning for unge voksne. Regionledelsen arbeider med å finne en kortvarig og langvarig løsning. De har hatt møter med både frivillige, BUR (Barne- og ungdomsrådet) og regionstyret. På kort sikt ønskes det små omrokeringer innad i regionen.

Misjonssambandet sørvest er glade for det Logos har fått bety for mange unge så langt, og retter en særlig takk til Asbjørn og Eilert for dette. Vi takker for samarbeidet, og ser tilbake med takknemlighet på alt det gode som har skjedd!



**MARK**  
arkitekt- og boligbyrå  
www.markgruppen.no



**HVIDING**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
Til tjeneste hele døgnet  
Vår erfaring - din trygghet  
Tlf 51 82 00 50  
www.hviding.no



**Hammer- & SPTkergutta AS**



**ROTT**  
REGNSKAP & RÅDGIVNING



**FARGERIKE**  
Halvorsen  
4360 Varhaug – 51 43 61 00



**Fiskå Mølle**



**OMEGA TRYKK**  
www.omegatrikk.no




**Trenger du elektriker?**  
Vi kan hjelpe deg i dag!  
51 70 97 20  
søthun-elektra.no | post@søthun-elektra.no



**INFOSKJERMEN**  
DEN MODERNE OPPSLAGSTAVLA  
infoskjermen.no/frivillig



**HM Energi**



**BOSERVICE**  
ALT INNEN DRIFT OG VEDLIKEHOLD  
Tlf. Mob: 915 82 821  
www.boservice.no  
E-post: post@boservice.no



**RØRHEIM MASKIN**  
www.rorheim-as.no

Trenger du elektriker?



**EL-DESIGN**  
Tlf: 944 54 444  
Mail: post@el-design.no



**DAGFINNS smørbrød**




**H-B**  
HAUGESUND BEGRAVELSESBYRÅ  
WWW. H-BB.NO  
Hjelp til verdig og trygg grafert på hele Haugalandet.  
Solvangvegen 17, 5519 Haugesund, tlf. 52716050



**Tonstad Bakeri AS**  
SINCE 1936  
4440 TONSTAD  
TLF. 38 37 01 22

**BJERGABYGG**



**AbacusRevisjon AS**  
Pedersgata. 16. 4013 Stavanger  
Tlf.: 51 84 93 93 abacusrevisjon.no



**Lund**  
REGNSKAPSKONTOR AS  
SIRDALSVEIEN 38, 4376 HELLELAND  
Telefon: 51 40 24 00 • post@lundregnskap.no

**MELING**  
vinduer og dører med særpreg



**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå  
DØGNVAKT 51972900 Sandnes - Bryne Stavanger  
STEINAVDELING GRAVMONUMENT PLATER  
Ny hjemmeside www.krogedal.no

## Arrangementskalender

### HOLMAVATN

- 8.–10. mars Tweens påske 5.–7. klasse
- 17. mars Påskevandring
- 22.–24. mars Påskeleir 2.–4. klasse

### SOLGRY

- 16.–18. februar Tweens Vinterleir 5.–7. klasse
- 23.–25. februar Ungdomsleir 8.–10. klasse
- 1.–3. mars Vinterleir 2.–4. klasse
- 22.–24. mars Tweens påske 5.–7. klasse
- 28. mars–1. april Påskemøter
- 24.–26. mai KRASP 6.–9. klasse

### TONSTADLI

- 23.–26. februar Vinterferie
- 08.–10. mars Tweens vinter 5.–8. klasse
- 27.–30. mars Påskeferie
- 19.–21. april LAN weekend 7.–10. klasse

### UTSYN

- 9.–10. mars Påskeleir 2.–4. klasse
- 16.–17. mars Tweens påske 5.–6. klasse
- 12.–14. april Inspirasjonssamling for kvinner

### ANDRE ARRANGEMENT

- 1. juni Fellesskap sørvest, tidligere RM, IMI Forum, Stavanger

## PERSONALNYTT

**Serine Louvise Iversen** (36) fortsetter i prosjektstillingen ut april.


**Åshild Fausk Olsen** (53) har takket ja til fast stilling i 50 prosent som forsamlingsarbeider i Salem.

**Olav Andreas Sæther** slutter som daglig leder på Holmavatn, og har sin siste arbeidsdag 29.02.24.

**Asbjørn Handeland** har sagt opp sin avtale med Misjonssambandet sørvest med virkning fra 01.01.2024.

**Eilert Fredly** har sagt opp sin stilling og har sin siste arbeidsdag 31.03.24.

**Caroline Viste** har sagt opp sin stilling og slutter etter gjennomført Sommertreff 24.



STAV ARKITEKTER

27.-30.MARS | TONSTADLI  
**PÅSKEFERIE**  
 KARI ANNE OG MAGNE VATLAND

### HØST- OG JULEMESSER OG BASARER 2023

MISJONSLAG	NETTO 2023 (NETTO 2022)	MISJONSLAG	NETTO 2023 (NETTO 2022)
Brusand misjonslag	64 000 (78 000)	Moi misjonslag	182 000 (195 000)
Dirdal misjonsforsamling	185 703 (236 600)	Nærbe misjonsforsamling	352 565 (386 445)
Ebeneser Misjonsforsamling	435 000 (330 000)	Randaberg misjonsforsamling	232 500 (234 000)
Finnestad Misjonsforsamling	127 441 (125 190)	Riska misjonsforsamling	870 000 (750 000)
Fitjar misjonslag	Ikke basar (76 300)	Salem misjonsforsamling	376 551 (333 631)
Fotland	167 000 (175 000)	Salte Bedehus	30 350 (27 000)
Halsnøy misjonslag	65 000 (35 000)	Sirdal misjonslag	200 000 (205 677)
Hinna misjonslag	100 000 (119 000)	Stord fellesforening	191 347 (177 851)
Hjelmeland	263 000 (253 000)	Tau misjonsforsamling	230 000 (220 000)
Karmøy Messeforening	238 400 (256 000)	Varhaug misjonslag	400 000 (420 000)
Kvinesdal Misjonslag	65 000 (74 000)	Vigrestad misjonsforsamling NLM	268 143 (244 674)
Misjonshuset NLM Hagesund	169 731 (145 128)	Ålgård Misjonsforsamling	140 000 (130 000)
Misjonssalen Sandnes	436 819 (454 000)	<b>Totalt</b>	<b>5 790 550 (5 681 496)</b>

**TAKK for alle gavene som er samlet inn!**



Misjonssambandet

Region sørvest

### Fellesskap sørvest (tidligere RM)

Sammen om å "Gi det videre", med årsmøte.

Dato: Lørdag 1. juni 2024

Sted: IMI forum, Stavanger

Mer info kommer